

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 22.06.2018
Vår ref.: 2018/11725-13
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Att. Laila Bjørge

Tilsegn om tilskot til kommunale klimatiltak

Vi viser til søknaden dykkar dagsett 22.05.18. Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 30 000 til tiltaket «Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland»

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing på klimatiltak i kommunane i Hordaland, finansiert over Klimaplan for Hordaland sitt handlingsprogram for 2018.

Utbetaling føreset innsending av signert akseptskjema innan tre veker. Tilsegna gjeld til 30.06.18.

1. Prosjektgrunnlag

«Prosjektet handlar om klimatilpassing basert på lokale tilhøve. Ein vil samla erfaring frå aktive bønder og frå forskning for å finna praktiske tiltak som har overføringsverdi til andre bønder i kommunen, og bruka videosnuttar og sosiale media som verktøy for formidling.»

2. Prosjektorganisering

Fylkeskommunen bidreg finansielt. Fylkeskommunen sin kontaktperson er Laila Bjørge i Meland kommune.

3. Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på www.hordaland.no
- Resultat og erfaringar frå tiltaket skal gjerast tilgjengeleg for andre kommunar, ved førespurnad frå fylkeskommunen.

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjekta er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Elektronisk fakturaadresse til Hordaland fylkeskommune: 9908:938626367

Aksesspunkt: *Visma*

Saksnr.: 2018/11725

Ressursnr: 20920

Meir informasjon finn de her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

4. Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, e-post tale.halsor@hfk.no, telefon 922 066 75.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Akseptskjema